



Bøblad

Lokalavis for Midt-Telemark

NR. 24.- TORSDAG 17. JUNI 2021 | LAUSSAL KR. 35,-

Bo glass bg

Alt i bilglass
Utleige av stillashengar

☎ 35 95 10 61 • Grivitorget



Ny rivesak

Eigarane av småbruket Bru-serud i Bakåsvegen søker om å få rive både våningshus og låve. Tysdag var PTN-utvalet på synfaring og fatta vedtak i saka.



Kultur side 16-17 ▶

Fotballdag

Sauherad IL fotballgruppe arrangerte søndag rekrutteringsdag i fotball på idrettsanlegget på Sundsmoen på Nordagutu. 77 unge deltok og stemninga var på topp.



Sport side 34-35 ▶

–Me kan bli betre



Nyheiter side 18-21 ▶

POTENSIALE I FORBETRING. Leiar i utval for oppvekst og kultur, Evy Beate Stykket (t.v.), og ordførar Siri Blichfeldt Dyrland meiner det er viktig med god symjeundervisning og ser at kommunen kan bli betre på eit sameina tilbod til alle elevar. På grunn av kommunens økonomi kan dei likevel ikkje love å frede symjebassenget på Gvarv.

Foto: Hilde Eika Nesje

Åpen hver dag hele døgnet!



HEGNA LANDHANDEL

Alt av dagligvarer,
også på søndag!

Nær
Butikken

f Hegna Landhandel

trumf

Du finn oss på grensa
mellom Bø og Seljord!

7 090034 4900 17



HELE NORGE SVØMMER

– Me har eit forbettingspotensiale

Ordførar Siri Blichfeldt Dyrland og utvalsleiar for oppvekst og kultur, Evy Beate Stykket, synest det er synd at forskjellane på symjeopplæring er så store i kommunen.

Karianne Sjøfteland

redaksjon@bobl.no

I førre veker Bø blad kunne ein lese om dei store forskjellane i symjeundervisninga på dei ulike skolane i Midt-Telemark. Rektor på Gvarv barne- og ungdomsskule, Tine Kvilekval, på-peika da at dei ikkje kan oppretthalde den gode symjeundervisninga si dersom bassenget på Gvarv blir stengt. Elevane på Gvarv er dei som har mest symjeundervisning og når kompe-tansekrava best. Politikarane har planlagt å stenge Gvarv-bassenget frå og med neste år for å spare pengar i kommunen.

– Bør vere likt

Etter at ordførar Siri Blichfeldt Dyrland blei gjort merksam på dei store forskjellane, uttaler ho at kommunen absolutt har eit forbettingspotensial når det kjem til symjeundervisninga i grunnskulen.

– Eg tenker at det på sikt bør vere meir likt. Det er viktig at alle skolane gir den undervisninga elevane har krav på. Samtidig har dette med nærleiken til basseng å gjere. Det er forståeleg at me dermed får så ulike tilbod. Det hadde vore bra å auke tilbodet i Bø, framfor å redusere tilbodet på Gvarv skule. Kommunen har ein tøff økonomi, men me må gjere det beste me kan for å gjere elevane god symjeundervisning, seier ordføraren.

Politikarane har vedtatt at bassenget på Gvarv skal vere opent minst ut skuleåret 21/22. Dei har bedt om eit meir grundig reknestykke på kva som vil bli dei auka kostnadane dersom bassenget stengjer og elevane må ha transport frå Gvarv til Bø. Det gjeld og arbeidstida som går tapt for lærarane.

Kan påverke symjinga

På spørsmål om kva politikarane kan gjere for at elevane i kommunen skal ha god nok symjeundervisning, meiner ordføraren

at dei kan påverke symjeundervisninga gjennom ved-tak om budsjett, for eksempel ved å gjere midlar til å vedlikehalde bassenget i kommunen.

– Med ein stram økonomi, er me nøyd til å sjå på kva som er «bra nok», seier Blichfeldt Dyrland og spelar ballen vidare til leiar for utval for oppvekst og kultur, Evy Beate Stykket.

Kan måtte stenge

Stykket synest òg det er synd at forskjellane er så store, men ho meiner at det ikkje er så vanskeleg å forklare kvifor det er slik, med tanke på nærleik til basseng for dei ulike skolane.

– Om ein skal endre på noko, er det i så fall å løfte dei som har minst, ikkje å kutte for dei som har mest. Det ideelle er at dei som har godar får behalde dei, så får me jobbe med å løfte dei som ikkje har tilgang på det same. Men det spør om me har pengar til å prioritere slik utjamning akkurat nå, seier Stykket.

Leiaren synes det er fint å få stadfesta at symjeundervisninga har ei god effekt, nemleg at dei som har fleire timar i bassenget blir betre til å symje. Ho påpeikar òg at det ikkje er be-stemt at bassenget på Gvarv skal stenge, men at det skal opp til ny vurdering i neste bud-sjettrunde.

– Det kan veldig godt hende at me må bestemme at det skal stengjast når situasjonen er som den er, men enn så lenge er det ikkje noko vedtak som seier at det blir slik. Det som blei tydeleg i runden i fjor haust, var at dette med bassenget på Gvarv sto høgt på priorite-ringslista til politikarane i alle parti, og i utvalet for oppvekst og kultur er ein einige om å gjere det me kan for å halde på bassenget. Der-som ein derimot må kutte alt ein kan, uan-sett kor gode saker det er snakk om, så gjeld det bassenget òg, dessverre.

– Kva tenker du om at kom-



STORE FORSKJELLAR: Ordførar Siri Blichfeldt Dyrland (t.h.) og utvalsleiar for oppvekst og kultur, Evy Beate Stykket, synest det er synd at forskjellane på symjeundervisninga er så store i kommunen. Dei meiner begge at symjeundervisninga bør bli betre i Bø, utan at den blir dårlegare på Gvarv.

Foto: Hilde Eika Nesje

munen skal spare pengar på kostnad av symjedyktigheita blant dei unge?

– Det er sjølvsgatt ikkje noko moro i det heile tatt dersom det blir til det. Eg skulle veldig gjerne spart ein annan stad i staden, men veldig mange oppgaver er lovpålagt, andre er ik-kje det. Sjølv om dei som ikkje er lovpålagte òg er veldig gode te-

nester som ein svært gjerne vil gjere, så er det ikkje sikkert me har pengar til det.

Ingen pengar å flytte

Stykket peikar på at nokre av skolane i Midt-Telemark ligg langt over det som er kravet for symjeundervisninga, og da kan det hende at ein ikkje kan fortsette å ta seg råd til det, det er trass

alt slik at kommunen er innanfor kravet.

– Akkurat nå er det ingen pengar å flytte på, rett og slett. Likevel handlar det ikkje berre om pengar, det handlar òg om tidsressursar, ledig bassengtid, transport og så vidare. Det er ein kabal som handlar om litt fleire ting enn berre økonomi. Politikarane kan vere med på å

leggje rammene for nokre overordna ting, men eg trur ikkje eg skal meine så frykteleg my-kje om korleis skolane løyser denne store kabalen på detaljnivå – det har eg ikkje nok kunn-skap til, seier ho.

Kan fordele ansvar

Viss ein ser bort frå det økonomiske aspektet i saka, trekkjer

utvalsleiaren fram fleire ting som kan gjere symjeferdighe-tene betre.

– Skulen har heilt klart hovudansvaret for symjeundervisninga, men ein kan sjølvsgatt òg bevisstgjere og samarbeide med dei føresette. I tillegg har me ei fantastisk symjegruppe i Skarphedin som stadig arrangerer kursing og andre tiltak,

blant anna i sommarskulen som blir arrangert nå i ferien. Sjølv om ansvaret er kommunen sitt, så har me mange gode kref-ter i kommunen ein kan spele på – frivilligheita er ein av dei støttespelarane som er med på slike løft, det fortener dei mykje skryt for, avsluttar Stykket.

FAKTA

- Norske symjeferdigheiter er på sisteplass i Norden. Det har Norges Svømmeforbund, Redningselskapet og NRK tenkt å gjere noko med gjennom prosjektet «Hele Norge svømmer». Symjeopplæring, livredning og drukningsforebygging står i fokus.
- Også lokaliserer i Noreg set fokus på dette.
- Prosjektet består av både underholdningsprogram og nyheit-sjournalistikk for barn og vaksne.



HELE NORGE SVØMMER

Barnehagar får tilskot til symjing:

– Ei veldig god ordning

I fleire år har barnehagar kunne søkje om tilskot til symjeopplæring, men det er ikkje alle som brukar tilbodet. Dei som brukar det ser at barna får eit godt grunnlag for vidare opplæring.

Karianne Søfteland

redaksjon@bobladd.no

I år kan barnehagar søkje Statsforvaltaren om 1950 kroner per barn som skal gå uavkorta til symjeopplæring. Fleire barnehagar i Midt-Telemark nyttar seg av tilbodet.

Einingsleiar i Gullbring barnehage, Hege Flaatin, fortel at dei har bruka ordninga i fleire år, og at dei er veldig fornøgd med tilbodet. Dei har symjing i Gullbring og betalar 57 kroner per barn og 81 kroner per vaksen. Dei er i badet ein gong i veka. Barna blir delt opp i mindre grupper med stor vaksentettheit, slik at tryggleiken blir ivarettatt.

– Me har bruka ordninga i eit par år, og det vil me fortsetje med. Me tenkjer at det er eit flott tilbod til forskulebarna. Vasstilvenning og symjeopplæring er viktig i førebyggjande arbeid med tanke på drukning. Alle barn bør få ein mulegheit til å bli trygge i vatn. Det kan vere store forskjellar på kva barna har tilgang til heime, så her får alle lik mulegheit, seier Flaatin.

Ein av dei fyrste

Maurtuva barnehage i Breisås var ein av dei fyrste til å ta i bruk symjeordninga, og har søkt om tilskot heilt sidan 2016. Dei betalar også vanleg billettpris i Gullbring for barn og vaksne, og dei kører privatbilar til bassenget. Styrar Aslaug Langkås fortel at symjinga er vekas høgdepunkt.

– Me synest dette har vore eit supert tiltak, og ein kjekk akti-

vitet å gjere saman med barna. Turane i bassenget styrkar relasjonane mellom barna og til dei vaksne. Det er òg fint at barna får øve seg på å møte andre menneske i alle aldrar på andre stader. Me over også på sjølvstende i garderobe, alt frå å halde orden på klede, handkle og badetoy, til å vente på tur dersom dusjen er opptatt. I bassenget over me på å ta omsyn til andre. Me ser ei stor utvikling frå haust til vår kvart år, både i vasstilvenning og at dei fleste blir svært sjølvhjelpne utover varen, seier ho.

I Maurtuva er hovudfokuset på vasstilvenning, sjølvstende og sosial kompetanse. Dei støttar barnas interesse i å lære å symje, utan at det er eit fokus. Kvart år er det nokon som lærar seg å symje.

Brukar instruktørar

Læringsverkstedet på Gvarv bruka symjehallen på Gvarv til opplæring i fjor haust. Dei fekk instruktørar frå Skarphedin symje-gruppe til å vere med saman med leiar Renate Øien. Dette er noko dei ønskjer å gjenta. Forskulebarna får seks økter på 30 minuttar i bassenget i løpet av året og barna går til bassenget. Dette gjer at dei kan bruke meir midlar på sjølv opplæringa.

– Me har fått midlar frå Statsforvaltaren som dekkjer eit opplegg for 44 forskulebarn til hausten, og har avtalt same opplegg med symjegruppa. Barna fekk eit veldig godt pedagogisk opplegg,

som gjorde at alle blei trygge i vatn, og nokon tok sine fyrste symjetak. Me ser at det er svært viktig at barna får eit forhold til vatn, blir trygge og klarer å manøvrere seg sjølv i vatn. Me veit at minoritetsspråklege er sterkt representert i ulykker i vatn, og Gvarv barnehage har mange barn med slik bakgrunn. Det understrekar viktigeita av å ha eit tilbod i barnehagen for å bli trygg i vatnet, seier styrar Liv Fossheim.

Ho ønskjer at tilvenning og opplæring i vatn kjem inn i årsplanen for forskulebarna, slik at det er ein garanti for at dei får pengar til å drive med symjeopplæring og at det blir likt for alle barna.

Har ikkje bruka ordninga

Folkestad barnehage svarar at dei ikkje har bruka ordninga før, men at dei har søkt om tilskot til hausten og at dei håpar dei kan gjennomføre vasstilvenning for barna.

– Det har vore vanskeleg å organisere nok personale og transport til og frå, så me har ikkje bruka ordninga før. Dersom me får tilskot til hausten, ønskjer me å bruke Gullbring ettersom det er badevakter der. Eg tenkjer at det er viktig å berre vere med barna i vatn, sjølv om det er viktig at dei lærar å symje også. Med den tilskotsordninga som er no, vil det ikkje vere nok tid til å fokusere så mykje på symjing for oss. Barnehagekvardagen blir også vanskelegere å organisere dersom me skulle bruka meir tid på dette, påkeier einingsleiar Tone Forberg.

Dei resterande barnehagane i Midt-Telemark har ikkje svart på Bø blads førespurnad om dei har søkt eller bruka tilskotet frå Statsforvaltaren.



BASSENG: For barna i Maurtuva er symjing vekas høgdepunkt. Denne veka har heile gjengen på Tusenbein hatt avslutning i Gullbring.

Foto: Privat

FAKTA

- Kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan søkje om tilskot frå Statsforvaltaren i eige fylke for å gjere barnehagebarn trygge i vatn og gje dei betre symjeferdigheiter.
- Symjeopplæringa skal skje i barnehagens opningstid og skal i hovudsak gå føre seg i basseng. Tilskotsmottakarane veljer sjølv korleis opplæringa blir organisert og gjennomført.
- Tilskotet skal bidra til å gje barn i alderen fire-seks år i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring, og det er viktig at gutar og jenter får eit likeverdig tilbod. Tilskotet kan også brukast til å dekke transport til og frå symjehall.
- Det kan berre søkjast om tilskot for eit kalenderår om gongen, og det er muleg å søkje om inntil 1950 kroner per barn i 2021.

Kan du symje?

- Kan du symje?
- Hadde du klart kompetansekravet til symjing for 4. klasse?
- Kan du livredning?
- Har du hatt behov for å kunne livredning? Kva skjedde?



Tor Olav Moen – Bø/Lunde

- Det kan eg, men symjer altfor lite.
- Ja, det trur eg nok at eg skulle klart.
- Har hatt fleire kurs, både gjennom arbeid og Siviltorsvaret.
- Nei, heldigvis ikkje.




Tor Inge Haugen Sandbakken – Nordagutu

- Kan symje, lærte det da eg var cirka sju år.
- Det hadde eg nok klart, sjølv i min alder!
- Ja.
- Nei.




Jon Endre Klevar – Bø/Klevar

- Ja.
- Ja.
- Grunnleggjande kurs i forbindelse med opplæring i Sommarland i 2010-2014.
- Aldri hatt behov for livredning sjølv eller opplevd personar på nær hald som har hatt behov for det, men det er ein tryggleik å kunne.



Silje Myrene Bøen – Bø

- Ja, det kan eg.
- Ja, eg trur eg hadde klart kompetansekravet til symjing i 4. klasse.
- Eg kan livredning og har gjennomført kurs fleire gonger, men tenker at det bør friskas opp jannleg.
- Heldigvis ikkje!



Marthe Dahle – Bø

- Ja.
- Ja.
- Ja.
- Nei.



HELE NORGE SVØMMER

– Det handlar om respekt for vatnet

Statistikken viser at barn i Noreg er dei dårlegaste til å symje i Norden. Dei som vil betre symjeferdigheitene sine, får opplæring på sommarskule og kurs.

Karianne Søfteland

10.000 barn vil få tilbod om gratis symjeaktivitetar i Noreg i sommar. I Midt-Telemark blir det òg fleire mulegheit for vassaktivitetar i sommarferien, med symjing i både idrettsveka til Sommerskolen og SommerSvøm 2021.

Skal bli trygge i vatn

Symjegruppa i Skarphedin, med leiar Renate Øien i spissen, er ein del av idrettsveka til Sommarskolen i Midt-Telemark. Dette er eit gratis tilbod til barn og unge i sommarferien, med mange ulike aktivitetar som forskarfabriken, livet på garden, idrettsveka, vikingveka, actionveka og friluftsvaka.

Idrettsveka blir arrangert i veke 26 av Skarphedin IL og Sauherad IL i samarbeid med Midt-Telemark kommune. Tilbodet består av fleire ulike aktivitetar, som symjing, volleyball, fotball, sykling og handball.

Symjegruppa skal ha symjeaktivitetar på Farstad for 20 barn og unge frå 2. til 10. trinn. Alle plassane er allerede tatt, så det har vore stor pågang.

– Det vil vere mange aktivitetar ved, på og i vatn og det blir mulegheit for å prøve kano, SUP og båt. Målet for både Idrettsveka og SommerSvøm er at ungane skal bli trygge i vatnet, samtidig som dei skal kunne utforske egne grenser, seier Renate Øien.

Ikkje nybyrjarkurs

– Symjing og vassaktivitetar blir

fokusert i Idrettsveka. Det er ikkje eit nybyrjarkurs, og dei som deltek må vere symjedyktige. Det er viktig at me kan gje eit trygt tilbod til barn og unge i nærleiken av vatn, med instruktørar som kan hjelpe dei å bli trygge i vatn, samtidig som dei lærer å ha respekt for vatnet. Farstad ein god stad å ha vassaktivitetar, for dei unge lærer fort at det ikkje bare er å hve seg ut i ei elv, seier Øien.

Alle får redningsvestar og flytevestar som dei skal bruke ute i vatnet. Under idrettsveka i fjor var det ifølgje Øien fleire ungar som trudde at det skulle vere lett å symje til andre sida av elva, men dei oppdaga kjapt at det ikkje var så lett likevel, sjølv med flytevestar på.

Ekstra tilbod

I veke 27 startar symjegruppa opp med Sommersvøm 2021, som er eit gratis tilbod til barn og unge ein gong i veka utover sommaren.

Det blir ein dag i Farstad og ein dag på Ulefoss brygge eller Nومهstranda, så det er både eit tilbod i Midt-Telemark og i Nome. Her kjem det til å bli plass til 30 ungar i kvar kommune. Det er tilsvarande opplegg som på sommarskolen, men her står symjegruppa litt meir fritt til å bestemme sjølv og det er litt meir veravhengig.

– Me brenn verkeleg for dette,

og synest det er artig at me kan bruke delar av sommarferien vår på opplæring. Det skaper så mykje glede og det er noko med det at me har mange barn og ungdommar med som ikkje er knytt til så mange andre fritidsaktivitetar elles. Det er mange som skal vere heime i sommar, så da vil me leggje til rette for at det skjer noko. Mange av dei som var med i fjor, sa allerede da at dei såg fram til å vere med igjen i år, så det er artig, seier Øien.

Gratis symjeaktivitetar

Barna vil møte instruktørar som vil rettleie og undervise dei som er trygge i vatnet til å bli enda tryggare i og på vatn, og enda flinkare til å symje. Øien peikar på at hadde det ikkje vore for Gjensidigstiftelsen og DNB-stiftelsen så kunne dei ikkje hatt dette som eit gratis tilbod.

– Det er viktig å få fram at det er gratis fordi dei store stiftingane gjev oss midlar til å kjøpe inn utstyr. Dessutan blir det skapt sommarjobbar for instruktørane våre. Dei er trygge og flotte unge vaksne som brukar tida si her for at barn skal bli trygge i vatn, seier Øien.

Vil ha ope basseng

Ho fortel at påmeldinga til Sommersvøm opnar veldig snart, så det er bare å følgje med. Øien legg til at dei skulle ynskje at dei kunne tilby eit opplegg til dei som ikkje er så flinke til å symje òg, men utfordringa er at alle bassenga i området blir stengt i sommarferien, så da blir det vanskeleg.

– Bassenga burde vore opne dei to fyrste vekene av sommarferien. Da kunne me hatt med dei som trengte litt ekstra opplæring òg, avsluttar Renate Øien.



Foto: Karianne Søfteland

TILBYR SYMJEAKTIVITETAR: Gjennom sommarskule og sommarkurs i symjing er f.v. Amir Ramazan, Renate Øien og Irene Faye nokre av dei som skal lære barn i Midt-Telemark betre symjeferdigheitene i sommar - og det heilt gratis.

FAKTA

Kva er Sommarskolen?

Sommarskolen er eit tilbod frå Midt-Telemark kommune, med mange ulike aktivitetar. Det er fyrste gong Midt-Telemark er med. Alle tilboda er gratis og går føre seg på dagtid. Det er Utdanningsdirektoratet som har gjeve midlar til det nye tilbodet.

Sommarsvøm er ein del av Sommarskolen.

• Kvar veke skal det vere eit utandørs aktivitetstilbod for barn og unge i Midt-Telemark og Nome. Symjegruppa i Skarphedin vil ha

ulike vassaktivitetar (blant anna symjing, SUP og kano) på Farstad og Ulefoss brygge/Nومهstranda gjennom heile sommarferien.

- Prosjektet er støtta av Gjensidigstiftelsen.
- I tillegg vil det vere ein sommar-symjeskule for barn og unge på Farstad og Gvarv.
- Det er plass til totalt 80 barn og unge på SommarSvøm og symjeskolen.
- Det kan berre søkjast om tilskot for eit kalenderår om gongen, og det er muleg å søkje om inntil 1950 kroner per barn i 2021.

Kompetansekrav

- utandørs symjing

Hausten 2020 blei det innført ein ny læreplan for kroppøving i grunnskolen, der trygg ferdse i vatn, symjing, sjølvberging og livredning ute i naturen blei sentralt i faget.

I den nye læreplanen blei det innført kompetansemål etter 2., 4., 7. og 10. trinn. Måla visar ein progresjon i opplæringa frå 2. -10. trinn, der eleven skal vere symjedyktig innan 4. trinn. Kompetansen er viktig for å førebrygge drukningsulykker og skape livslang bevegelsesglede.

Kompetanse innan symjing, sjølvberging og livredning handlar om trygg ferdse i, ved og på

vatn ute i naturen, bevegelsesglede i vatn, kroppslig læring, folkehelse og livsmeistring. Elevene skal kunne bruke denne kompetansen i både kjende og ukjende samanhengar og situasjonar.

Under følgjer kompetansemåla som er relevante for kjerneelementet uteaktivitetar og naturferdse:

- 2. trinn:**
 - Øve på trygg ferdse i vatn og på å kunne tilkalle hjelp.
- 4. trinn:**
 - Øve på trygg og sporlaus ferdse i naturen.
- 7. trinn:**
 - Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdse, samt gjennomføre sjølvberging i vatn.
- 10. trinn:**
 - Forstå og gjennomføre livredning i, på og ved vatn ute i naturen.
 - Forstå og gjennomføre livredning og førstehjelp.

Kjelde: svommedyktig.no

Statistikk – drukning i 2021

Fem personar omkom i drukningsulykker i mai, mot ti i 2020. Så langt i år har 23 personar drukna i Noreg, viser Redningsselskapets drukningsstatistikk.

Drukningstalet er ikkje like høgt som i fjor på same tid, da 30 personar hadde omkomme i drukningsulykker. Dette kan ha noko med det kjølege og dårlege maiværet, meiner Tanja Krangnes, fagleiar for drukningsforebygging i Redningsselskapet. Ho håpar at nedgangen fortset gjennom sommaren.

40 av dei 88 drukningsulykkene i fjor fant stad i sommarmånade-

ne juni, juli og august.

- Frå januar til mai har det vore ni drukningsulykker frå fritidsbåtar og tre frå yrkesbåtar.
- Seks personar har omkomme etter å ha gått gjennom isen, mens fire ulykker skuldast fall frå land.
- To personar har også omkomme i samband med dykking.
- Av dei 23 personane som har omkomme så langt i år, er det 22

menn og ei kvinne. Heile 16 av dei 23 var 60 år eller eldre.

• Vestland fylke har hatt flest drukningsulykker mellom januar og mai, med fem omkomne. Både Agder og Trøndelag har hatt fire drukningsulykker.

• Sidan 2017 er det 42 personar som har drukna i fylket vårt. 22 i sjø, 12 i vatn og åtte i elv. Det er ni kvinner og resten menn. Så langt i år har det ikkje vore nokon ulykker i Vestfold og Telemark fylke.

Kjelde: Redningsselskapet (rs.no/drukning)

Kan du symje?

- Kan du symje?
- Hadde du klart kompetansekravet til symjing for 4. klasse?
- Kan du livredning?
- Har du hatt behov for å kunne livredning? Kva skjeddde?



Ingrid Torsberg

– Ja, det lærte eg da eg vart fem-seks år gammal.

– Ja, det trur eg.

– Ja, det kan eg.

– Nei, det har eg ikkje.



Camilla Skiaker Mælen

– Ja.

– Eg hadde nok klart det, men eg hadde blitt skikkeleg sliten!

– Eg har vore på fleire livredningskurs, og heldigvis hugsar eg mykje for kvar gong.

– Eg har heldigvis aldri trengt å utføre livredning.



Jarle Haugen

– Ja.

– Ja.

– Ja, eg tok sanitetskurs i forsvarret, men det byrjar å bli ei stund sidan.

– Eg har heldigvis ikkje vore i ein situasjon der det krevst.



Anette Schia Kaasa

– Ja, det kan eg.

– Eg er sånn gjennomsnittleg god til å symje vil eg seie, så det trur eg at eg hadde klart.

– I teorien kan eg det, men det burde vore friska opp.

– Nei, heldigvis ikkje.



Sondre Rulnes Røstad

– Ja, det kan eg.

– Ja, det trur eg at eg skulle klart.

– Ja, det kan eg godt.

– Ja, opp til fleire gonger. Eg er med i Røde Kors og Brannvesenet, så der har eg måtte bruka livredning.



Inger Kristine Johansen

– Ja, det kan eg.

– Nei, det trur eg ikkje at eg hadde klart, men eg hadde kanskje klart det då eg vart yngre.

– Det er lenge sidan eg lærte det, men eg skulle nok ha klart å gje livredning nå.

– Nei, det har eg ikkje hatt bruk for.



Odd Henry Lindtner

– Ja, eg kan symje.

– Ja, det trur eg.

– Det trur eg at eg kan, i teorien.

– Nei, heldigvis ikkje.



Haakon Ferdinand Lindtner

– Ja, det kan eg.

– Ja, eg hadde klart det, men me hadde ein dårleg symjelærar på Steinerskolen i Hedmark, så me har ikkje hatt den testen nå i 4. klasse.

– Ja, det kan eg.

– Nei, det har eg ikkje.



Torje Nenseter

– Ja, det kan eg.

– Ja, det trur eg. Håpar eg hadde klart det.

– I teorien så kan eg livredning, ja.

– Nei, eg har ikkje hatt behov for det.